

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 11.02.2014  
Sakhandsamar: **Synnøve Serigstad**  
Saka gjeld: **Retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest**

**Arkivsak**  
2012/105  
**Styresak 043/14**

**Styremøte 02.04.2014**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF vedtar «Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest – retningslinjer for brukarutval.»

## Oppsummering

I oppdragsdokumentet for 2012 fekk Helse Vest i oppgåve å styrebehandle mål og strategi for brukarmedverknad i løpet av 2012. Det vart sett ned ei regional arbeidsgruppe for dette føremålet, som leverte eit forslag til mål og strategi for brukarmedverknad som styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 05.12.2012 (styresak 130/12 B). Som ei vidareføring av dette arbeidet har den same arbeidsgruppa i løpet av 2013 utarbeida eit forslag til felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå for føretaka i Helse Vest. Bakgrunnen for å utarbeide felles retningslinjer var eit ønskje om at brukarmedverknad i Helse Vest på sikt kan bli meir lik og samstemt. Dette vil også gi eit betre utgangspunkt for tettare kontakt og samarbeid mellom brukarutvala på regionalt og lokalt nivå. Dei felles retningslinjene for brukarutvala i Helse Vest må sjåast på som rettleiande, men også som eit felles minstemål for brukarmedverknad i føretaksgruppa, som kan tilpassast lokale variasjonar.

## Fakta

Mandatet for dette arbeidet blei gitt av styret i Helse Vest RHF i styremøte 22. juni 2012 (sak 073/12). Mandatet var to-delt, der første del av arbeidet gjaldt utarbeiding av mål og strategi for brukarmedverknad i Helse Vest. Andre del omhandlar utarbeiding av felles retningslinjer og rutinar for brukarmedverknad i Helse Vest. Denne saka gjeld del to av dette mandatet.

Alle helseføretaka og brukarutvala har vore representert i arbeidsgruppa. Arbeidet har vore leia av Helse Vest ved eigardirektør Ivar Eriksen. Helse Vest har hatt sekretariatsfunksjonen. Arbeidsgruppa har hatt 3 møte og elles kommunisert per e-post. Utkastet til felles retningslinjer blei sendt på høyring til helseføretaka og brukarutvala den 6.12.13 med frist til den 1.3.14 til å kome med innspel. Høyringsbrev og utkast til retningslinjer er forankra i direktørmøtet i Helse Vest den 03.02.2014. Alle brukarutvala og helseføretaka i Helse Vest har gitt høyringsvar.

## Kommentarar

I dei felles retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest som arbeidsgruppa har kome fram til blir det gjort greie for brukarutvala sine mandat, samansetting, konstituering og talet periodar i brukarutvala, oppgåver for brukarutvala, arbeidsform, opplæring i brukarmedverknad og økonomi.

Arbeidsgruppa kom ikkje fram til ei samla tilråding i saka. Usemja har vore knytt til følgjande tre punkt:

1. Punkt 3, «Samansetting».

Styret i Helse Vest gjekk i styresak 123/11 B inn for at Kreftforeningen skal inviterast inn i brukarutvalet i Helse Vest med ein representant. Kreftforeningen er i dag representert i alle brukarutvala i Helse Vest og representerer ei stor og samansett pasientgruppe og deira pårørande. Frå fire av brukarrepresentantane i utvalet har det vore halde fram at Kreftforeninga formelt sett ikkje er å rekne som ein brukarorganisasjon. Det har også vore peika på at 5 av dei 12 ulike pasient- og likemannsorganisasjonane som er assosierte medlemmer i Kreftforeningen også er medlem av FFO.

2. Punkt 5.3 «Forholdet til styret i helseføretaket».

Fire av brukarrepresentantane i arbeidsgruppa ønskjer at brukarane skal gjevast møte og talerett i styra i Helse Vest. Det er Helse Vest RHF si vurdering at den ordninga som er omtala i forslaget til retningslinjer punkt 5.3, gir brukarperspektivet god moglegheit til å kome til ordet ovanfor styret. Styret i Helse Vest har ved fleire høve handsama spørsmålet om møte- og talerett i styret for brukarutvalet, og konkludert med at styret ikkje finn å kunne opne for dette. Dette er grunngjeve på følgjande måte:

*Helseføretakslova seier ikkje noko om bruk av observatørar med møte- og talerett i styra. Det betyr likevel ikkje at det er noko i vegen for å etablere ei slik ordning. Det ville derimot stride mot lova sitt system dersom styret sjølv ga nokon ein slik status. Oppnemning av observatørar med slike rettar vil derfor vere ei oppgåve som må ligge til føretaksmøtet, og dersom eigar ønskjer å innføre ei slik ordning bør dette bli regulert i vedtektene. Med omgrepet "observatør" er her meint ein vidare rolle enn den retten som følgjer av at ein legg til rette for at ein kan vere til stades og følgje dei opne styremøta (Styresak 014/10 B).*

### 3. Punkt 7.1 «Godtgjersle»

Det har vore eit ønske om å lage eit felles system for honorering i føretaksgruppa. Utgangspunktet for honorering har vore svært ulikt i helseføretaka. Fleirtalet i arbeidsgruppa går inn for forslaget til møtegodtgjersle som ligg i forslaget til retningslinjer. Forslaget som ligg føre inneber for nokre av utvala ei auke som isolert sett kan synast stor. Auka vil likevel medføre mindre budsjettmessige konsekvensar for føretaka. Eit medlem av arbeidsgruppa ønskjer at møtegodtgjersle skal honorerast i tråd med staten sine satsar for arbeid i statlege utval. Dette vil medføre ein vesentleg auke for føretaka.

I høyringsbrev til føretaka og brukarutvala blei det bedt om særskilt å få tilbakemelding på desse punkta.

### Høyringsfråsegnene

#### 1. Punkt 3 «Samansetting»

Helse Stavanger, Helse Fonna og brukarutvalet i Helse Stavanger skriv i høyringsuttalane sine at Kreftforeningen bør gjevast ein eigen plass i brukarutvala i Helse Vest. Dette blir mellom anna grunngeve med at Kreftforeningen representerer ei stor og aukande pasientgruppe, der behandlingsforløpet strekkjer seg over tid, slik at ein får opparbeida seg ein betydeleg mengd pasienterfaring. Kreftforeningen representerer kvinner og menn i alle aldersgrupper, der det siste er særleg viktig men omsyn til barn og unge, som i elles liten grad blir ivaretatt i arbeidet med brukarmedverknad. Gitt at Kreftforeningen ikkje er medlem i paraplyorganisasjonane FFO og SAFO bør dei gjevast ein fast plass i utvala.

#### 2. Punkt 5.3 «Forholdet til styret i helseføretaket»

Helse Stavanger, Helse Fonna og brukarutvalet i Helse Stavanger skriv i høyringsuttalane sine at formuleringane som ligg i forslaget er tilstrekkeleg for at brukarutvala sine synspunkt kan bli høyrde i styra. Helse Bergen støttar at leiar av brukarutvalet får møte- og talerett i styra. Det regionale brukarutvalet i Helse Vest skriv i sin høyringsuttale at dei ønskjer at brukarutvala skal gjevast observatørstatus med talerett i styra. Brukarutvalet i Helse Fonna ønskjer at leiar i brukarutvala skal ha tale og forslagsrett i styra.

#### 3. Punkt 7.1 «Godtgjersle»

Helse Stavanger og brukarutvalet i Helse Stavanger støttar forslaget til godtgjersle og honorering som ligg i forslaget. Helse Fonna og brukarutvalet i Helse Fonna støttar også forslaget til honorering, men meiner at leiar og nestleiar må honorerast likt i alle føretaka, då det ikkje vil vere store skilnadar i arbeidsmengde og oppgåver brukarutvala imellom. Brukarutvalet i Helse Vest ønskjer å følgje staten sine satsar for arbeid i statlege utval.

Andre innspel:

Brukarutvalet i Helse Bergen føreslår at det blir etablert felles oppnemningstidspunkt for brukarutvala i Helse Vest. Andre innspel som er gitt går på mindre språklege endringar og avklaringar.

Særskilt om høyringsfråsegna frå brukarutvalet i Helse Førde:

I Helse Førde har ein etablert ei ordning med felles brukarutval for Helse Førde HF og alle kommunane i Sogn og Fjordane. Ordninga er godt innarbeida, og erfaringane er positive. Brukarutvalet i Helse Førde skriv i fråsegna si at dei ikkje stiller seg bak forslaget til felles retningslinjer. Utvalet ønskjer at modellen frå Helse Førde burde ha same status og vekt som modellen som er nytta i resten av føretaksgruppa.

Også administrasjonen i Helse Førde peikar på at felles retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest ikkje må vere til hinder for det felles brukarutvalet i Helse Førde.

## Konklusjon

Med bakgrunn i høyringsuttalane som er gitt er det gjort følgjande endringar i forslaget til retningslinjer:

I. Punkt 1 «Innleiing» er endra frå:

«Dette dokumentet inneheld retningslinjer og rammer for brukarutval i føretaksgruppa i Helse Vest. Retningslinjene skal gjelde for brukarutvala i helseføretaka i føretaksgruppa og i Helse Vest RHF, og dei skildrar eit felles minstemål for brukarmedverknad i Helse Vest.»

Til:

«Dette dokumentet inneheld retningslinjer og rammer for brukarutval i føretaksgruppa i Helse Vest. Retningslinjene skal gjelde for brukarutvala i helseføretaka i føretaksgruppa og i Helse Vest RHF. Retningslinjene er rettleiande, men skildrar eit felles minstemål for brukarmedverknad som skal leggjast til grunn i Helse Vest. Dette gir rom for lokale tilpassingar *ut over* standarden som er lagt i retningslinjene. Dette gjeld ikkje for oppnemningstidspunkt og periode og forholdet til styret, som skal vere likt i alle føretaka. »

II. Punkt 3 «Samansetting» første og andre avsnitt er endra frå:

«Brukarutvala skal ha frå 7-10 medlemmer med varamedlemmer som blir oppnemnde for 2 år om gongen. Funksjonsperioden skal gå frå august til august 2 år etter. Det er styra i helseføretaka som oppnemner utvalet etter forslag frå organisasjonane. FFO, SAFO, fylkeseldreråda, og organisasjonar som representerer brukarar frå verksemder innan TSB skal inviterast til å føreslå kandidatar til brukarutvala. I tillegg kan styra vurdere å invitere inn andre aktuelle organisasjonar.

Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TSB, skal vere representerte. I utvala skal det også vere ein representant frå organisasjonar som representerer dei eldre. Vidare skal det leggjast særleg vekt på at kreftområdet er representert.»

Til:

«Brukarutvala bør ha frå 7-10 medlemmer med varamedlemmer som skal oppnemnast for 2 år om gongen. Funksjonsperioden skal gå frå januar til januar 2 år etter. Det er styra i helseføretaka som oppnemner utvalet etter forslag frå organisasjonane.<sup>1</sup> FFO, SAFO, fylkeseldreråda, Kreftforeningen og organisasjonar som representerer brukarar frå verksemder innan TSB skal inviterast til å føreslå kandidatar til brukarutvala.

Alle dei tre verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TSB, skal vere representerte.»

---

<sup>1</sup> I Helse Førde skjer oppnemninga i samarbeid med kommunane.

Vedlegg:  
Høyringsvar frå helseføretaka , brukarutvala og KS i Sogn og Fjordane.  
Forslag til retningslinjer